



DEN NORSKE KYRKJA

Hyvvää kväänikansan päivää! Gratulerer med kvenfolkets dag!



I morgon er det kvenfolkets dag! Dette er ei viktig markering i kyrkja vår, som viser at Den norske kyrkja har rom for heile befolkninga i Noreg – også for dei ulike nasjonale minoritetane.

Kvenene bur spreidd over heile landet, med hovudbusetjing i nord. Dagen er difor ein festdag for heile Den norske kyrkja. Ein måte å markere dagen på er å syngje ein av dei 15 salmane på kvensk som står i salmeboka. Du kan også [lytte og lære deg velsigninga](#) på kvensk.

Torsdag 17. mars inviterer Kyrkjerådet til webinar med tittelen Kvensk kyrkjeliv – innblikk i ein minoritet i kyrkje og folk. I webinaret får du møte Einar Niemi, Katriina Pedersen, Kristin Mellem og Arne Skare. Dei vil fortelje om kvensk historie, språk, historie og kvenske salmar og kyrkjeliv. [Meld deg på her](#).

[Les meir og bli med på markeringa her](#)



Kyrkja i møte med krigen i Ukraina

Krigen i Ukraina driv mange menneske på flukt. Det er venta eit auka antall asylsøklarar til Noreg. Kyrkja er ein landsdekkande samfunnsaktør som har ei viktig rolle når lokalsamfunn skal ta i mot menneske i nød. Sjå ressursar til dette arbeidet i Ressursbanken.

[Les meir](#)



Fleire dåp og vigslar i 2021

Fleire vart døypte og gifta seg i kyrkja i 2021 enn i 2020. Det viser de førebelse tala som Statistisk Sentralbyrå publiserte i dag. – Dette er interessante tal, seier kyrkjerådsleiaren.

[Les meir](#)



Engasjement for Ukraina

Biskopane i kyrkja oppmodar til å ta vel i mot flyktningar som kjem til Noreg, og mange kyrkjelydar har samla inn pengar. Kirkens Nødhjelp er i gang med å gje akutt nødhjelp til dei som er ramma av krigen i Ukraina. I år vil også fasteaksjonen i år vil gå til arbeidet i Ukraina.

[Les meir](#)



Vipps og skattefrådrag

Vipps er ein integret del av kvardagen til mange nordmenn. Korleis kan kyrkjelydar og fellesråd nytte Vipps som betalingsløyising? Og korleis kan ein registrere skattefradrag når nokon gjev gåver i Vipps?

[Les meir](#)

Webinar og frukostmøte



Kvensk kyrkjeliv – innblikk i ein minoritet i kyrkje og folk

17. mars kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Digital læringsplattform for Den norske kyrkja

24. mars kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Hvordan gi menighetsbladet et løft?

31. mars kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Kvifor velje dåp eller ikkje dåp?

07. april kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på ressursbanken.no/webinar

Fekk du med deg desse sakene?



Møte med barn og unge

Krigen i Ukraina kan vekke uvisse og mange kjensler blant barn og unge. Korleis kan vi som kyrkje møte dei når dei kjem til på aktivitetar i kyrkjeleg regi?

[Sjå ressurs i ressursbanken](#)



Stor tillit til kyrkjeleg gravferd

Fire av fem nyleg pårørande opplevde å bli møtt på ein god måte i samband med gravferd i Den norske kyrkja. Det viser ei fersk undersøking.

[Les meir her](#)



Høyring om valreglar

Kyrkerådet har sendt ut høyring om endring i valreglane. Høyringa vert sendt til eit utval sokneråd og fellesråd i kvart bispedøme – men alle kan svare innan fristen 20. april.

[Les meir her](#)

Aktuelle høyringar

Regler for valg av menighetsråd og leke medlemmer til bispedømmeråd og Kirkemøtet (kirkevalgreglene), og tilhørende endringer i kirkeordningen

Høringsfrist 20. april 2022. [Les mer om høringen her.](#)

Regler for valg av sørsamisk representant til Nidaros bispedømmeråd og Kirkemøtet, og valg av Saemien Åålmegeeraerie (sørsamisk menighet)

Høringsfrist 20. april 2022. [Les mer om høringen her.](#)

Regler for valg av døvemenighetenes representant til Oslo bispedømmeråd og Kirkemøtet, og regler om døvekirkelige organer

Høringsfrist 20. april 2022. [Les mer om høringen her.](#)

Trosopplæringsutvalgets rapport Helhet, integrering og sammenheng i kirkelig undervisning og læring

Høringsfrist 1. juni 2022. [Les mer om høringen her.](#)

Nyhetsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet.](#)

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)



DEN NORSKE KYRKJA

krpostmottak@kyrkja.no